

SENTERPARTIHISTORIE

Då N.A. Eggen skvetta brunt

Fotballtrener Nils Arne Eggen var blant dei som prøvde seg med brunskvetting og mccarthyisme mot Senterpartiet på 90-talet, meiner historikaren Roar Madsen.

OTTAR FYLLINGSNES

Han har skrive det andre bandet i Senterpartiets historie. *Motstrøms* har han kalla verket, og han tek for seg tida frå 1959 til 2000.

Tre partiregime

Roar Madsen opererer med tre partiregime i Senterpartiet dei siste 40 år.

– Det *bortenske* partiregimet byrja då Per Borten vart partiformann midt på 50-talet, og det varte til Borten-regjeringa fall i 1971. Det er karakterisert ved ein liten, men jamn framgang for Senterpartiet. Det skjedde ei politisk fornying, og det politiske interessefeltet vart utvida. Utanrikspolitikk vart eit tema i Sp på 60-talet. Frå å vera statskritisk på 50-talet, gjekk partiet på 70-talet inn for samfunnsplanlegging. Det skjedde ei organisatorisk fornying og eit forsøk på å få innpass i byane.

Den andre fasen har Roar Madsen kalla *krisehandteringsregimet*, og Johan J. Jakobsen var den sentrale personen frå midten av 70-talet. Då kom høgrebølga, og Senterpartiet møtte motbør.

– Frå midten av 70-talet var det ein akutt partistrid, og diskusjonen gjekk om ein skulle ha samarbeid med Høgre som sin maktstrategi. Glidinga mot venstre vart stogga og delvis reversert. Partiet mista handlingsrom i dei 15 år dei var i luggen av Høgre.

Det *lahnsteinske* partiregimet handlar om tida frå 90-talet og fram til i dag.

– Det er prega av den same viljen til fornying som under det *bortenske* partiregimet. I denne perioden skjedde det ei vertaking av det sosialdemokratiske rommet, etter at Arbeidarpartiet let seg sluka av marknadsteknokratiet. Senterpartiet prøvde å vera ein forsvarar av velferdsstaten. Anne Enger Lahnsteins tale på landsmøtet i 1995, ville vekt stor jubel i ei tung sosialdemokratisk forsamling i Einar Gerhardsens glansdagar, seier Roar Madsen.

Han oppfattar partileiar Odd Roger Enoksen som ein vidareførar av det lahnsteinske partiregimet.

– Då Enoksen var valt, trudde somme at han ville føra partiet tilbake til ein konservativ kurs, men det trur eg ikkje på. Sjå til dømes på Statoil-debatten. Kven køyrer på med skepsis når privatiseringskåskapen vert for stor i Arbeidarpartiet? Odd Roger Enoksen er



Sp-leinga under ein partiparaply før 1989-valet. Frå venstre Kristin Hille, Valla, Johan J. Jakobsen og Anne Enger Lahnstein. (Foto frå «Motstrøms».)

frå på i minst like stor grad som SV-leiaren.

Roar Madsen meiner at Sp i dag er eit distriktparti som har to sentrale veljargrupper. Det er bondestanden og dei tilsette i offentleg sektor – med mange lærarar blant desse. I ei tid når stadig færre greier å leva av jordbruk aleine, har desse felles interesser. Difor er så godt som helle partiet avhengig av ein sterk offentleg sektor. Viss Sp seier at privatisering og slanking av offentleg sektor er greit, grev partiet si eiga grav.

Nær sperregrensa

Senterpartiets oppslutnad er prega av berg og dalbaner. Like etter EU-røystinga i 1972 hadde partiet ein topp med 11 prosent av røystene. Ein ny topp nådde Sp i 1993 då partiet gjorde sitt beste val med 16,7 prosent. No ligg partiet litt over sperregrensa med vel fem prosent, men brukar å gjera det betre i val enn på meningsmålingar.

Roar Madsen omtalar den EØS-prosessen, som Brundtland-regjeringa sette i gang, som manna frå himmelen. I 1994 vann Senterpartiet folkerøystinga om EU. Ved valet i 1995 kom tilbakegangen, og i 1997 opplevde Sp eit ras.

– Etter dette greidde den store taparen i valet å stabla på

beina ei regjering med den same oppfatninga av den politiske situasjonen som Senterpartiet hadde vore aleine om. Både KrF og Venstre var lunkne til sentrumsprosjektet langt ut i valkampen i 1997. Den store taparen – Senterpartiet – vann ein siger i nederlaget, men det vart ein smertefull siger. Partiet vert junioren i Bondevik-regjeringa, og optimismen forsvann.

– Hadde det vore betre for Sp om ein hadde halde seg utanfor regjeringa?

– Det er godt mogeleg, men samstundes var det eit heilt håplaut standpunkt. Senterpartiet hadde brukt 90-talet til å fortelja at norsk politikk ikkje handlar om venstre-høgredimensjonen, og at Høgre-samarbeid var aktuelt. Partiet la all sin prestisje i å satsa på sentrum. Det ville vore politisk umogeleg å ikkje ta regjeringsmakta då Ap gjorde ein jagland. Det var sterkt raseri i Senterpartiet mot Schengen- og veterinæravtalen.

– Kritikarane meinte at ein måtte vera varsam så ein ikkje førebude gravferda til partiet. Partiparaply stod mot sine egne i sentrumsregjeringa, og det enda med at partiet tok regjeringsmedlemmene i øyro og kravde dissens. Dei fekk det berre frå somme av regjeringsmedlemmene, men det same

kunne aldri skjedd i Ap. Det viser at partiapparatet har noko å seia i Sp.

Brunskvettinga

I samband med EU-røystinga fekk Senterpartiet merka brunskvettinga, og somme prøvde å setja fasciststemplet på partiet.

– Ingen viktige personar i partiet var i nærleiken av slikt tankegodt. Somme var sjølv sagt konservative, men det er noko anna. Kritikken mot Senterpartiet var ikkje berre urimeleg og urett, men må også sjåast som manipulerande. Det var ikkje uviktige folk som stod bak kritikken, men forfattaren Roy Jakobsen, fotballtrener Nils Arne Eggen og fleire andre med kjende namn sette det reaksjonære og kryptofascistiske stampelet på partiet. Det var høgst oppegående folk, og dei visste betre. Denne kampanjen har klare likskapstrekk med mccarthyismen i USA. Der var kommunistane problemet, men på 90-talet i Noreg var det Senterpartiet. Dei var den krafta som samfunnseliten var mest redd for. Det er alltid slik at den største utfordringa vert den verste fienden. Særleg merka ein dette etter at Senterpartiet vart så stort etter stortingsvalet i 1993. Etter det vart partiet ein endå viktigare



SP-HISTORIKAREN: Det var oppegående folk som stod for brunskvettinga mot Senterpartiet på 90-talet, seier Roar Madsen. (Foto: Ottar Fyllingsnes)

fiende for Europabevegelsen, Høgre, Ap og NHO.

– Når Høgres Børge Brende omtalar Anne Enger Lahnstein som Le Pen og Haiders vener, set han fasciststemplet på Senterpartiet. Dersom historikarane i framtida kjem til å undersøkja politiske kampanjar mot bestemte parti og miljø, og samanliknar brunskvettinga i EU-kampen med mccarthyismen, finn dei at det er dei same mekanismane som vert brukte.

Anne Enger Lahnstein klaga under EU-kampen på manglande støtte, men skuldningane om brunfarge fornærma folk og dei vart til hjelp for nei-sida. Kåre Willoch var ein av dei som skjøna dette. Meiningsmålingane fortalde at det var fleirtal for nei, men det store fleirtalet kjende seg ikkje att som skapbrune. Heller ikkje nei-folk i Ap og SV såg på Sp som skapbrune. Skuldningane var fundamentale marknadsføringstabbar frå ja-sida.

– Kva bør Senterpartiet gjera for å auka oppslutnaden ved valet til hausten?

– Litt av problemet til partiet er at dei er ein del av Sentrumsalternativet. Dei har ikkje noko val. Dei kan ikkje bryta med det, utan å risikera at dei fell ut av Stortinget.

– Er det realistisk for Sp å halda seg utanfor sentrumsalternativet?

– Nei, viss Sp skulle ført ei slik line, burde dei ha gjort det i god tid før valet i 1997, då partiet framleis hadde bra oppslutnad, seier Roar Madsen.